

Hei.

I forhold til reguleringsplanarbeidet som no pågår (sjå vedlegg), ynskjer eg å koma med eit faktainnspel.

Sidan Oddvar Kjeilen, (som er far min), for tida er på ferie, så kommenterer eg óg på vegne av han.

Det vart nevnt på eit av informasjonsmøte som vart halden på Austrheim samfunnshus, at vasskjelder kunne verta påverka som følge av tunellarbeidet. I den forb. skulle det gjerast undersøkingar omkring dei ulike vasskjeldene i området.

Eg kjenner ikkje til at det har pågått slike undersøkingar, og informerer difor om eit par av vasskjeldene i brevs form.

På Kjeilen, Gnr. 125, Bnr. 48, så har Oddvard Kjeilen vatn i frå borehull. Borehullet er ca. 140 meter djupt, og startar på 30 meters høgd over havet, altså eit borehull som går 110 meter under havets nivå.

Ein kan og nevna Gnr. 125, Bnr. 6. Denne garden er i mi eiga, og er i dag forsynt med vatn frå eigen brønn (ikkje borehull).

Det er vel unødvendig å nevne at det er mange fleire slike vasskjelder i området.

Reknar med dette vert tatt med vidare inn i arbeidet med reguleringsplanen.

Mvh.

Geir Kjeilen  
Hopsvågen 88  
5953 FONNES

Vedlegg:

<b>ArkivsakID:</b>	14/5428
<b>Dato:</b>	20.06.2014
<b>Tittel:</b>	Plansak Detaljregulering - Johan Sverdrup oljerørledning - Bergsvikhamn til Mongstad - PlanID 1263 - 201405
<b>Sakshandsamar:</b>	<u>Christian H. Reinshol</u>
<b>Status:</b>	Saka vert handsama
<b>Sakstype:</b>	Plansak